

Elg-basen i Vassfaret

Planane for Elg-basen var laga av offiserane i Forsvarets overkommando i London. Elg, med sentrum i Vassfaret, skulle vere ein av fem baseområde spreidd utover landet.

I desse basane skulle det samlast store styrkar, organiserte som ordinære militære avdelingar. Dette var ein annan strategi enn den som dei lokale Milorg-avdelingane arbeidde etter. Der låg berre små grupper i permanent dekning, medan fleirtalet av Milorg-jegrane til dagleg var opptekne med sine sivile gjeremål. Elg skulle arbeide innanfor eit av dei best organiserte Milorg-distrikta i landet og skulle rekruttere mannskapa sine frå dei same områda. Det oppsto difor fort eit konkurransetilhøve mellom Elg og dei lokale Milorg-leiarane. Sjefen for Elg var major Paul Strande. Han kom i fallskjerm over Vassfaret den 26. november 1944.

Elg skulle ha skog- og fjellområda mellom Randsfjorden og Numedal som operasjonsområde. Her var det meininga å samle på om lag 2000 mann. Hovudbasen skulle vere i Vassfaret. Men mannskapa skulle fordelast på fire underbasar, såkalla «Billeting Areas» eller forelegningsområde. BA IV skulle plasserast på vestsida av Hallingdal, vest for Nesbyen og sør for Tunhovd. Her skulle det byggast opp ei avdeling på fleire hundre mann. Alle dei tre Milorg-distrikta 14.1, 14.2 og 14.3 skulle avgi mannskap til basen. Planane minner mykje om planane for ein permanent militærleir, eller kanskje enda meir om planane for repetisjonsøvingane vi kjenner frå fredstid.

Golden Eagle

Ei rekognoseringsgruppe på to personar med kodenamnet Golden Eagle vart sendt i føreyegen. Dei to var Martin Olsen og Oddvar Andersen. Dei landa den 20. august 1944. Folk frå Flå med og tok imot utstyret

deira. Leif Levorsen frå Geilo, som hadde vore i Sverige sidan hausten 1943, slutta seg noko seinare til gruppa som kjentmann, og som kontaktperson mellom Elg-basen og den lokale Milorg-organisasjonen i Hallingdal. Levorsen var i Sverige gjort til «Acting Soldier» i kompani Linge.

Golden Eagle tok imot 7 slepp, organiserte ei forsyningssteneste og gjorde avtale med kring 50 mann som skulle trekkast inn i basen så snart planane vart sette ut i livet. I Hallingdal var Firecrest-mannen Erling Lorentzen koplå inn i arbeidet. Han fekk ansvaret for å bygge opp BA IV vest for Nesbyen. Nokre hytter ved Øyvattet sør for Liaset vart valt som opphaldsstad for det laget som skulle ta imot flyslepp med utstyr til basen.

Ved Øyvattet

Ulykka ved Øyvattet sør for Rukkedalen er tidlegare detaljert omtala i fleire samanhengar. Under våpenpuss inne i hytta fekk Nub Østenfor eit skot i kneet.

Undervegs til sjukehuset i Drammen vart Østenfor og heile følget hans arrestert med det resultat at Gestapo fekk kjennskap til kva som gjekk føre seg ved Liaset. I den politiaksjonen som følgde, vart dommarfullmektig Elling Agder og telegrafisten Kjell Andersen og Arne Vibe skotne. Mannskapa frå Nes flykta vestover mot Tunhovd og berga seg unna etter ulike vegar. Elling Lorentzen var ikkje til stades. Dette var den første ulykka som ramma dei storstilte baseplanane. Ei liknande hending fann stad i Ådalen ut på våren. Fire deltakarar på eit kurs i regi av Elg vart overraske av tysk politi. To av dei fire vart skotne, og to kom til Grini. Denne hendinga i Ådalen er mindre kjent enn ulykka i Rukkedalen.

Den alvorlegaste hendinga, og den som førte til oppløysing av BA IV for andre gong, er best kjent som «Haglebu-slaget».

Den ordinære Milorg-aktiviteten i dalen, sjølv om han var svært omfattande i den siste krigsvinteren, var


Det kurset som Elg heldt for Menda med ei tragedie. Sju av dei gibuslaget. Det er ei vanleg munnngått dersom Petter F. Holst, dei ordrane han hadde fått. De (Foto: Kåre Olav Solhjeli).

ikkje ramma av nokon politiaksjonar som kan samanliknast med dei aksjonane som ramma Elg. Det kan såleis vere grunn til å spørje om det var nokon feil ved den måten Elg var organisert og leia på.

Feil føresetnader

Planleggjarane av Elg-basen tok utgangspunkt i dei tyske planane for tvangsutskrivning av norsk ungdom til arbeidsteneste. Desse planane fekk aldri slikt omfang som ein frykta under planleggingsfasen. Det viste seg også at dei som rømde unna slikt teneste, i liten grad gjekk over til å bli heiltids-soldatar i dekning på skogen. Elg leid difor under eit alvorleg rekrutteringsproblem.

Dei to første kursa, som begge starta i januar, var planlagt for rundt eit hundre mann. Berre halvparten så mange møtte fram. Etter eit tid lykkast det å knyte til basen ein del mannskap frå Valdres. Der hadde Strande fått til eit nært samarbeid med Bjarne Holth-Larsen.



Befal frå D 14.1 ved Haglebu, som miste livet i det såkalla Hagelaget. De hadde håpet at tragedien kunne ha vore unngåelig ved å leiar kurset, hadde halde seg til røst ein minnestein på staden.

Det kan vere erfaringa frå Valdres som fekk Strande til å utnemne Erling Lorentzen som områdesjef i Hallingdal.

På den måten kunne han nåpe å trekke mannskap frå Hallingdal inn i basen, for med områdesjef Otto Pahle som Strande ingen veg. Oberst Wilson i England bad straks Strande om å gjere om utnemninga. Den øvre delen av Hallingdal kom difor til å bli lite å gjere med Elg-basen.

Ein annan leiarstil

Mellom offiserane i Elg hadde ein annan leiarstil enn det som var vanleg i dei lokale Milorg-avdelingane. Mange offiserar er vane med å arbeide med store avdelingar. I milorgdistriktet som omfatta Sollihøgda, Ringerike og Hallingdal, fanst det ingen store soldatsamlingar enn dei som kunne få plass på ei skogshytte eller i ei sekk. Den instruksjonen som gjekk føre seg i regi av Milorg, galdt alltid små opper. Ut på vinteren hen-

de, det rett nok at heile troppar kunne vera samla på ein stad, men dei møttest langt avsides for korte periodar. Elg ville derimot drive kurs for avdelingane minst så store som kompani og delkompani, heldt karane samla i fleire veker.

Offiserane i Elg gjennomførte også ein militær disiplin som hittil var ukjent for dei frivillige og sivilkledde Milorg-jegrane. Elg-leiarane var heller ikkje særleg opptekne av kva følgjer dei ulike aksjonane kunne få for sivilbefolkninga. Major Strande sende såleis i dei siste vekene av krigen ut ordrar til Milorg-gruppene om å gå til åtak på tyske vaktavdelingar og dessutan likvidere norske nazistar som gjorde våpenteneste for okkupasjonsmakta. Disse ordrane vart stansa av Jens Chr. Hauge som var sjef for Milorg i Norge.

I konflikt med Milorg-leiarane

Då distriktssjefane oppdaga at Elg meinte å rive opp den organisasjonen som var oppbygd gjennom mange år, protesterte dei iherdige både over for London og over for Sentralleiinga i Oslo. Oskar Hasselknippe i distrikt 14.2. låg nærast inn til Elg-basen, og vart den som protesterte mest iherdig.

Men heller ikkje Ahlert Horn, distriktssjefen i Drammen, ville finne seg i det som heldt på å skje. Martin Olsen, som hadde vore sentral i planlegginga av basen, trekte seg også ut, og slutta seg i staden til den såkalla Oslo-gjengen.

Den 14. januar 1945 møttest Paul Strande, Oskar Hasselknippe og Jens Chr. Hauge til eit forsoningsmøte på Sokna. Dei vart tilsynelatende enige om at planane for Billeting Areas spreidd omkring i distrikta, skulle leggjast til side. Strande skulle derimot bli overordna sjef for alle dei tre distrikta, med Hasselknippe som nestsjef. Dette møtet fekk likevel ingen praktiske følger. Arbeidet med å bygge opp basen heldt fram som før. Etter det mislykka forsøket på Liaset, var ein ny BA IV under oppbygging på Rustandstølen. Hasselknippe vart då kalla til London for å drøfte situasjonen.

I hans stad fungerte Eivind Snersrud som distriktss-

sjef. Han innretta seg litt lettare enn Hasselknippe hadde gjort. Men striden var langt frå løyst før Jens Chr. Hauge fråbeordra Strande som leiar for Elg like før freden.

«Nå skal det slås til»

Haglebuslaget kan reknast som klimaks i historia om Elg-basen. Hendingane den 26. april, to veker før freden, er grundig omtala i mange samanhengar. Det har vore skrivne mindre om det som hende i dei næraste dagane før slaget.

Petter F. Holst var nå sjef for BA IV. Dei kursa som opphavleg var tenkt haldne på Rustandstølen i Nes, vart flytta over til Haglebu. Årsaka til dette var at områdesjefen i Hallingdal ikkje ville samarbeide om forsyningar til kursa. Ved å trekke over til Eggedal-sida, håpa Holst at forsyningane skulle ordnast lettare. I slutten av april var Holst i gang med det andre kurset ved Haglebu. Aktiviteten i området var nokså omfattande i fleire veker.

Fleire uvedkommande hadde alt observert at det gjekk føre seg uregelmessige ting ved Haglebu. Ein av dei var NS-mannen, rikstrenar Erling Nielsen. Han fekk organisert ei gruppe av hird og politi som drog til Eggedal den 23. april. Den 24. gjennomførte dei husundersøkingar og fann våpen og anna utstyr som viste at dei var på sporet etter heimestyrkar.

Kurset ved Haglebu hadde omlag 80 mann, organisert som eit lite kompani. Alt første kursdagen den 15. april hadde Holst gjort det klart overfor distriktssjef Horn at dette kurset kom til å få kamp.

Til mannskapa uttrykte han seg slik: «Nå har vi trukket oss tilbake lenge nok, nå skal det slås til».

Den 24. april, då mannskapa ved Haglebu fekk høyre om rassaen i Eggedal, gav han ordre til å rykke ut. Det var meininga å få frigitt nokre av dei arresterte og få avliva ein del quislingar skreiv Holst i rapporten sin. Då det gjekk rykte om at ei større avdeling politisoldatar var på veg, trekte han likevel mannskapa sine attende.

Haglebuslaget

Den 26. vart det alvor. Holst fekk vite at berre 120 mann var på veg. Det rekn-

han som ein likeverdig stryke. Difor ville han ha kamp. Ein av dei som var med, har forklara seg slik: «Da tyskerne kom, og han holdt på sitt og gav ordre til kamp, var det ingen som ikkje meinte det var vanvidd. Vi kunne nok stanse de første som kom, men resultatet var bare at tyskerne hentet forsterkninger. At vi kunne få has på noen av dem først, spilte ingen rolle mot det som uunngåelig ville hende. For det første ville hele leiren bli oppdaget, og hele bygda ville få svi for å ha visst om og støttet illegal virksomhet. For det tredje kunne vi ha risikert at en hel del av distriktets lag- og troppsførere hadde blitt, om ikke drept, så ihvertfall tatt til fange». Når soldatene likevel gjekk til kamp, må dei ha vist stort mot og ein beundringsverdig disiplin.

Når det galdt å ta fanger, hadde Holst gitt beskjed om at hans soldater ikkje skulle ta fanger. Når det likevel skjedde, fekk det til følge at fangen vart «dømt til døden for å ha båret våpen mot sine landsmenn og skutt på stedet», som det heiter i rapporten.

Det finst fleire versjonar av det som hende rundt Haglebuvatnet. Holst rekna seg som sigerherre. «De fleste tyskerne var øyensynlig blitt drept eller hadde tatt flukt». Ved å ha halde fram kampen ein halv time til «kunne vi ha utryddet dem alle». Holst har gitt opp 29 falne fiender. Det er uklart kva han bygger dette talet på, for det var tyskarane som kom til staden og rekna dei døde, både dei norske og dei tyske. Tyske kjelder oppgir 5 døde nordmenn og 7 falne av eigne styrkar. Det rette talet falne nordmenn er 6. ein sjuande døydde under transport ned til bygda.

På ein måte var slaget ved Haglebu også avslutninga for Elg. Ti dagar etter at tyskarane gjennomførte området, var krigen slutt. Få dagar seinare vart Strande fråbeordra stillinga som leiar av Elg. Det som starta med ei misforståing i London, enda med ei katastrofe ved Haglebu.

KÅRE OLAV SOLHJELL.